



Aleksander til Aleksander: -Gratulerer med valet! (Foto. Ola Matti Mathisen)

Aleksander Rebaudo frå Uskedalen og Aleksander Løyning frå Herøysund er i dag klappa inn som leiar og varaleiar i Ungdommens kommunestyre.

Det vart ikkje stilt motkandidater mot dei to, som går i andre og tredje klasse på Kvinnherad vidaregåande skule.

Rebaudo har vore leiar også det siste året, medan Løyning erstattar ein annan uskedeling - Vegard Døssland. Den attvalde leiar svare slik då han vart spurt om kvitor han gjerne ville bli leiar også i skuleåret 2010/2011:
- No har eg eitt års erfaring og veit difor kva det heile går ut på. Det sikrar eit meir effektivt arbeid.

UKK har 15 representanter frå ungdomsskulane og KVV og har til oppgåve både å fordela ein viss sum pengar og drøfta kva som kan gjerast for å betra ungdomsmiljøet i Kvinnherad.

Ein pott som UKK deler ut i året til aktiviteter og tilbod inneheld 60.000. No er det berre att 6.000 igjen frå i vår, men denne summen blir truleg auka til 10.000 og utlyst.

Ein annan pott er den såkalla Solsikkeprisen og her står det att 28.000 etter at 22.000 vart brukt i år. Her er det sjølvsagt fritt fram også å søkja på restsummen.

Det nye UKK fekk forresten ei gledeleg overrasking då dei vart presentert for formannskapet av ordførar

Synnøve Solbakken i dag. Ho kunne formidla 10.000 kroner frå Kristent Fellesråd som skal nyttast til haldningsskapande arbeid blant barn og unge.

UKK kan også uttale seg om saker i kommunestyret som angår ungdommen og er svært interessert i innspel frå dei unge om kva pengane bør brukast til.

Dei som nos sit i UKK er desse:

Kvinnherad vidaregåande skule: Aleksander Rebaudo, Aleksander Løyning, Vegard Døssland og Sebastian Torjusen.

Rosendal ungdomskule: Anders Bennes, Juni Ulvesæter og Jonas Havnerås.

Åkra skule: Eirik K. Berge.

Hatlestrand skule: Andreas Lyhammer og June Helen Steien.

Øyatun ungdomskule: Ida Caroline Eide Sjo og Regine Landa.

Husnes ungdomskule: Tonje Olsen Haga, Martin Haavik Eikeland og Daria Geydarova.

Av Ola Matti Mathisen



Det nye UKK samla i Rådhuset i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)